



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Postboks 2076  
3103 TØNSBERG

Dato: 16.04.2024  
Vår ref: 21/06549-19  
Deres ref: 2019/10311

## Fråsegn til høyring av verneplan for skog - Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i Hjartdal kommune

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 14. mars 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

### Om sak

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har sendt framlegg til oppretting av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i Hjartdal kommune. Framlegget er eit tilbod frå grunneigarane i området om frivillig vern av skog på ca. 5 040 daa.

### Uttale frå DMF

DMF er oppteken av at mineralressursar som har verdi i dag, eller som kan ha verdi i framtida blir ivaretakne. Mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar og ei langsiktig forvalting av dei er derfor viktig.

Etableringa av Vestfjellet og Svartejuv naturreservat i Hjartdal kommune rører ved undersøkingsrett til Mydalen 5, gjeve til Teako Minerals Norway AS 14. februar 2024. Det skal undersøkast for bly, gull, kobbar og sølv. Ei vurdering av korleis vernet påverkar moglegheita for undersøkingar etter mineralressursar, og om ein kan sett vilkår som sikrar at undersøkingar kan fortsette.

DMF ber om at tiltakshavar blir orientert om verkingane et vern kan ha for mogelegheitene til å drive undersøkingar etter mineralressursar innanfor området. Tiltakshavar står på kopi av dette brevet.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach  
seniorrådgjevar

Henning Sigstad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark      Postboks 2076      3103 TØNSBERG

Kopi til:  
TEAKO MINERALS NORWAY      Hendvarden 26      6533 AVERØY  
AS